

REGIONALNYTT 3/2019
[View this email in your browser](#)



Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

REGIONALNYTT

Nyheitsbrev om regional- og distriktspolitikken



Kommunal nyskaping gjennom tjenstedesign

Kommuner i omstilling kan ha stor nytte av tjenstedesign. Det mener NODA – Nordnorsk design- og arkitektursenter. I programmet "Tjenstedesign for kommuner" kobler de designere og kommunale utviklingsprosjekter. – Det er en helt ny måte å tenke på, sier deltakerne.

[Les mer om tjenstedesign](#)

Regionreform

Styrke fylkeskommunane som næringspolitiske aktørar

Frå 1.1.2020 får fylkeskommunane oppdragsgjeveransvaret for fleire næringsretta program og ordningar.

[Les meir om fylkeskommunane som næringspolitiske aktørar](#)

Blå muligheter

Regjeringens oppdaterte havstrategi



Oppdatert havstrategi frå regjeringa peikar ut kursen vidare

Havnæringa er i sterk vekst, og bidreg til trygge jobbar i bygd og by over heile landet. Regjeringa sitt mål er at Noreg skal halde på posisjonen som ein leiande havnasjon. Den oppdaterte havstrategien peikar ut kursen vidare.

[Les meir om havstrategien på regjeringa.no.](https://regjeringa.no)

Endringar i Merkur-forskrifta på høyring

Endringane i Merkur-forskrifta vil føre til at fleire kan søkje om tilskot. Det er reglar om tildeling av tilskot som er føreslått endra.

Føremålet med Merkur-programmet er å sikre innbyggjarar i distrikta tilgang til ein daglegvarebutikk i nærleiken, med god kvalitet og med tilleggstenester som aukar omsetninga, sikrar vidare drift og kjem innbyggjarane og lokalsamfunnet til gode.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreslår endringar som gjer at fleire butikkar fell inn under støtteordningane. Forskrifta gjeld desse tilskotsordningane: Investeringsstilskot til daglegvarebutikker, utviklingsstilskot til daglegvarebutikker, servicetilskot, Investeringsstilskot til drivstoffanlegg ved daglegvarebutikker og utviklingsstilskot til bokhandlar.

- [Les meir om endringane i høyringsnotatet på regjeringa.no.](#)
- Høyringa er offentleg. Alle kan [svare skriftleg til departementet frå regjeringa.no](#). Frist er 26. juli 2019.

– Interreg fungerer!

I 2019 blir det tatt ei avgjerd om vidare norsk deltaking i Interreg-samarbeidet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har samla heile "Interreg-familien" frå inn- og utland, for å diskutere kva ein har fått til gjennom samarbeidet. Meldinga er klar; Interreg fungerer!

1.200 fleire unge i arbeid gjennom Nordisk Jobstart+

Interreg-prosjektet Nordisk Jobstart+ hadde som mål å få 600 fleire arbeidssøkarar og 150 fleire tilsetningar av unge på tvers av nordiske landegrenser. Når prosjektet er slutt er det samla resultatet heile 1.200 nye tilsetningar.

Slik kan kommunen og nærbutikken samarbeide

Nærbutikken er ein viktig møteplass i distrikta. I tillegg kan den bidra til god samfunnsutvikling og til å styrkje kommunen sitt servicetilbod. Eit tettare samarbeid mellom kommune og nærbutikk er med andre ord ein vinn-vinn situasjon.

Les meir om samarbeid mellom kommunen og nærbutikken på distriktssenteret.no.

Nye rapportar

Digitalisering, kompetansebehov og effektivisering gir desentral konsentrasjon - Om utvikling i lokaliseringen av statlige arbeidsplasser. Endringar i oppgaveløysing gjennom å digitalisere, effektivisere, inneberer endringar i organiseringa av statleg verksemd. Ein følge av dette er at krav om utvikling av kompetente fagmiljø blir viktigare enn lokalt nærvær. Dette inneber ei trinnvis opp- eller nedbygging av fagmiljø, som igjen kan ha konsekvensar for lokalisering av statlege arbeidsplassar. DIFI skreiv rapporten på oppdrag frå KMD.

Kommunen som næringsutviklar i 2030. Distriktssenteret har utfordra fire forskings- og fagmiljø til å peike på moglegheiter og utfordringar i kommunane sitt arbeid med næringsutvikling. Korleis bør distriktskommunar arbeide framover med å utvikle rollane som forvaltar, tenesteprodusent og entreprenør? I fire notat legg forskarane fram sine svar på kva som kan kjenneteikne den gode næringsutviklarkommunen i Distrikts-Noreg i år 2030.

Bygda vinn på å støtte urbanisering. Mange regionar i Noreg og andre land har opplevd store utfordringar etter finanskrise, oljeprisfall, nedgang i oljenæringa og stagnasjon i verdsøkonomien. Forsking frå Universitetet i Agder syner kva som må liggje til grunn for at eit næringsliv i nedgang og stagnasjon kan omstille seg og få ny vekst.

Kva skjer?

Nordsjøkonferansen 2019, 25.-26. juni, Marstrand, Sverige.

Tema for konferansen er klimaendringar i Nordsjøregionen. Dette inkluderer mellom anna klimaforvaltning, klimatilpassing, samt klima og ungdom. Det er Region Västra Götaland og Nordsjøkommisjonen som arrangerer konferansen.

Arendalsveka, 12.-17. august, Arendal.

Arendalsveka skal vere ein årleg nasjonal arena der aktørar innan politikk, samfunns- og næringsliv møter kvarandre, for debatt og utforming av politikk for notid og framtid. Eit spørsmål som blir stilt er: Storpolitikken kjem til Arktis: Kva vil Noreg i nord? Næringsutvikling i havet og regional utvikling er også blant mange tema.

Verkstad for regional utvikling, 25. september, Oslo.

Verkstaden skal bidra til å styrke fylkeskommunane som samfunnsutviklarar og regionale strategar. Verkstaden skal lage gode rammer for strategiske diskusjonar, bidra til erfaringsdeling og til vidare utvikling av god praksis. Målgruppa er leiarar og saksbehandlarar i fylkeskommunane, og andre som arbeider med regional utvikling.

Den europeiske regionveka (EWRC), 7.-10. oktober, Brussel.

Tema for konferansen er framtida til EU, rolla til byar og regionar, eit Europa nærare innbyggjarane og eit grønarare Europa. Veka blir arrangert av Regionkomitéen (CoR) og Europakommisjonenens direktorat for regionalpolitikk (DG Regio), i tillegg til regionale partnerar.

Årskonferanse Nordisk Periferi og Arktis, 30.-31. oktober, Færøyene.

Nordlig Periferi og Arktis-programmet inviterer til sin årlege konferanse. Tema for konferansen er «Turisme i perifere område».

Regionalnytt og [andre nyhetsbrev fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet](#) kommer nå på ny form via Mailchimp.

Om Regionalnytt

Gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Regionalpolitisk avdeling.

Ansvarlig redaktør: Ekspedisjonssjef Anne Karin Hamre. Redaktør: Beate Solem.

Abonner på Regionalnytt.

www.regionalnytt.no

E-post: regionalnytt@kmd.dep.no



KONTAKT

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Postadresse:

Postboks 8112 Dep

0032 Oslo

Sentralbord 22 24 90 90

Vil du endre på måten du mottar disse epostene?

[Meld deg av her](#)

This email was sent to <<E-postadresse>>

[why did I get this?](#) [unsubscribe from this list](#) [update subscription preferences](#)

Kommunal- og distriktsdepartementet · Akersgata 59 · Oslo, Norge 0032 · Norway